



Helgesen Tekniske Bygg AS
Valestrand
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/134 - 19/19406

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
20.06.2019

Ferdigattest - gbnr 137/807 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 367/19

Tiltakshavar: Galteråsen 7c AS
Ansvarleg søkjar: Helgesen Tekniske Bygg AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og rammeløyve gitt i vedtak datert 23.03.2018, igangsetjingsløyve gitt i vedtak datert 18.04.2018 og 23.05.2018, og løyve til endring av godkjend tiltak gitt i vedtak datert 29.10.2018.

For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottatt 19.06.2019.

Skildring

Adresse:	Galteåsen 7
Bygningstiltak:	Kontor/lagerbygg
Bygningsnummer:	300678477
Bruksareal:	1 900 m ²
Avløp:	Offentleg
Vatn:	Offentleg

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for kontor- og lagerbygg på gbnr 137/807.



Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/134

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Galteråsen 7c AS	Galteråsen 4	5916	ISDALSTØ
Galteråsen 7c AS	Galteråsen 4	5916	ISDALSTØ
Helgesen Tekniske Bygg AS Teknisk drift	Valestrand	5281	VALESTRANDSFOSSEN

Mottakarar:

Helgesen Tekniske Bygg AS	Valestrand	5281	VALESTRANDSFOSSEN
---------------------------	------------	------	-------------------